

2018



SAV i 2018

RYDDSKAPET.NO

#RYDDSK

En kampanje fra Legemiddelverket, Apotekforeningen, Legemiddelindustri

er?

Vi skal fremje helse og livskvalitet

Sjukehusapoteka Vest (SAV) sin strategi blei endra i 2018 med mål om å sikre at føretaket skal kunne løyse dei same utfordringane som sjukehusa i regionen står overfor når det gjeld utvikling av sjukdomsbilete, medisinsk teknologi, demografiske endringar og økonomiske rammer. Utvikling av pasienten si helseteneste er sentralt også for SAV. Føretaket bidreg mellom anna gjennom kvalitativt gode og effektive leveransar til sjukehusa, og i tillegg med utvikling av pasientforløp og som pådrivar for god kvalitet i behandling med legemiddel. SAV har utarbeidd fagplanar på kvart verksemdsområde (produksjon, sjukehusleveransar, farmasøytiske tenester og publikumsapoteket) for å konkretisere korleis måla i strategien skal nås.

Trygg og effektiv forsyning og bruk av legemiddel

I 2018 brukte Helse Vest 2,05 milliardar kroner på kjøp av legemiddel. Dette er ei auke på 10,6% frå året før. Legemiddel er ein sentral innsatsfaktor i spesialisthelsetenesta. Norske sjukehus har over fleire år sett auke i legemiddelkostnad. Nye kostbare legemiddel, overføring av medikament frå blåreseptordninga til helseføretaksfinansiering og endringar i demografi har vore drivarar for auke. Viktige verkemiddel for å få kontroll med auke i kostnad er eit profesjonelt system for innkjøp, etterleving av innkjøpsavtaler og aktiv oppfølging av medikamentbruk hos kvar pasient. Sjukehusapoteka Vest arbeider saman med helseføretaka for å sikre at nasjonale målsettingar med omsyn til pasienttryggleik, kvalitet og økonomi blir nådd.

Utvikling av publikumsapoteket

Våre kundar skal få god rettleiing og informasjon som sikrar rett bruk både når dei kjøper reseptmedisin og andre produkt i apoteket. For å få til dette har vi styrka opplæring for våre tilsette i samarbeid med dei andre sjukehusapotekføretaka.

Frå 2018 tilbyr alle våre apotek tenestene Medisinstart og Inhalasjonsrettleiing, som er tilpassa behov hos pasientar med hjerte/karsjukdom og pasientar med astma. Årlege brukarundersøkingar gjer oss tilbagemelding om kor godt vi lukkast i å møte kunden sine behov og til å finne forbedringsområder.

Korleis får vi til utvikling for å nå mål?

SAV deltek i fleire utviklingsarbeid saman med helseføretaka med mål om å betre kvalitet og effektivitet på tenestene, til dømes:

Produksjon av legemiddel på sjukehuspost: Pilotprosjekt støtta med innovasjonsmidlar frå Helse Vest, der teknikarar og farmasøyt frå sjukehusapoteket tillagar legemiddel ved intensiv - og nyføddavdelinga for å frigjøre tid for spesialsjukepleiarar.

Samstemming av legemiddel i akuttmottak: Farmasøytar frå SAV har frå 2018 arbeidd med samstemming i dei fleste akuttmottaka i regionen. Erfaringar så langt tyder på at effekt er avlasting av legar og sjukepleiarar og fleire gjennomførte samstemmingar.

Produksjon av spesialtilpassa legemiddel: SAV etablerte tillaging av sprøyter for injeksjon i auget for sjukehusa i regionen i 2018. Produksjonen måtte overførast til apotek på kort varsel grunna utfordring med kvalitet ved tillaging på sjukehuspost.

Mål om ei legemiddelkurve i Helse Vest: SAV har ei viktig rolle i arbeid med innføring av elektronisk legemiddelkurve i Helse Vest, og bidreg med ei rekke dyktige fagfolk i dei ulike delprosjekta. Arbeidet inneber både utvikling av system, prosessar og grensesnitt mellom kurveløysing og journalsystem i sjukehusa.

Produksjonsstøttesystem for legemiddel i Helse Vest: Anskaffing og integrasjon av system for produksjonsstøtte er eit viktig tiltak for å oppnå betre kvalitet og pasienttryggleik i SAV sine produksjonsavdelingar, men og for å oppnå mål om ei legemiddelkurve i regionen. Når systemet er sett i drift er målet at legane skal kunne rekvirere alle legemiddel som apoteket må produsere elektronisk via sjukehuset sin e-kurveløysing. I apoteket skal det vere elektroniske prosesskontrollar og dokumentasjon.



Økonomi

Omsetning*

1 225 036

1 172 606

Resultat*

17 135

14 339

Egenkapital*

195 227

178 091

Totalkapital*

335 391

421 106

*) Tal i 1000 NOK

Aktivitet

Varer (tusen pakninger)

2 199

2 146

Produksjon (tal tilsetningar)

101 833

87 915

Tenester (tal årsverk)

38

38

2018


Ansatte (tal årsverk)

226

221

2017

Omsetning




2018

2017

Tal i 1000 NOK

Resultat




2018

2017

Tal i 1000 NOK

Pakninger



2018

2017

Tal i 1000

Sjukehusapoteka Vest HF - Meir enn eit vanleg apotek

Sjukehusapoteka Vest er det største farmasifaglege miljøet på Vestlandet. Føretaket er eit av seks sjølvstendige helseføretak eigd av Helse Vest RHF og er ein del av spesialisthelsetenesta. Føretaket skal drive effektivt og bidra til å sikre ein god legemiddel-forsyning til sjukehusføretaka i regionen, sikre tilgang på spesialiserte legemiddel og tilby farmasøytiske tenester som kan bidra til trygg legemiddelbruk.

Våre fire sjukehusapotek finn du på Haukeland universitetssjukehus i Bergen, Førde Sentralsjukehus, Haugesund sjukehus og Stavanger universitetssjukehus. Føretaksadministrasjonen er i Bergen.



Besøk oss på
sav.no • Facebook • LinkedIn



Postboks 1400 - 5021 Bergen - post@sav.no